

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - mars 2026 58. årg.



**HAN ER
OPPSTANDEN,
HALLELUJA!**



Kvardagsmøte

side 4



Grøn kyrkje

side 6



Maksklubben

side 10



Grøn dag

side 21

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
 Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
 Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
 Inngang frå Saronsbrotet
 heimeside: www.timekyrkjene.no
 post.time@kirken.no
 Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
 Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
 Diakon Time og Undheim:
 Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
 Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
 Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
 Assisterande kyrkjevevjerje:
 Siri Vik tlf. 906 43 758
 Kyrkjevevjerje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
 Heimeside: www.timekyrkja.no
 Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
 Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
 Ungdomsarbeidar: Sigve Hansen tlf. 926 51 896
 Kyrkjetenar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820
 Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
 Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
 Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198
 Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
 Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
 Heimeside: www.brynekyrkja.no
 Sokneprest Vikar
 Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
 Menighetsarbeidar: Silje Myklebust tlf. 909 96 352
 Dagleg leiar:
 Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
 Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850
 Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
 Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
 Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
 Kyrkjelydsutviklar:
 Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
 Heimeside: www.undheimkyrkja.no
 Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
 Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
 Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
 Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
 Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
 Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no
 Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no
 Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no

Jesus - vårt forbilde

«Så slår han vatn i eit fat og tek til å vaska føtene til læresveinane og tørka dei med handkledet som han har om livet.»

Joh 13,1-15

Kor mange av oss har vel ikkje stått føre spegelen med ein hårbørste i handa og sunge av full hals, eller på ein annan måte forsøkt å herma etter eit eller anna idol? Kor mange har ikkje sett på den fine klesstilen til nokon me beundrar og tenkt, «sånn vil eg prøva»? Kor mange har ikkje sett på idrettsprestasjonar og tenkt: Tenk om eg kunne ha fått til det?

Det ligg djupt i oss å villa likna nokon me set høgt.

Jesus seier det rett ut: «Det er eit føredøme eg har gjeve dykk: Som eg har gjort mot dykk, skal de òg gjera.» Jesus er ein eg set høgt. Han er sanneleg eit forbilde. Men kva slags føredøme er det han gjev oss? Han utfordrar oss skikkeleg: ver tenarar for kvarandre.

Jesus gjer det heilt ubegripelege: han som er Herre og meister, gjev læresveinane, og oss, eit føredøme som overraskar oss, set oss ut, og gjer oss nesten litt forlegne. For kven var det som såg for seg noko slikt? Læresveinane har jo tvert imot spurt om kven av dei som får sitta høgast ved bordet, kven

som er den fremste. Dei hadde nok tankar om at Jesus skulle gjera noko stort av dei.

Me er heller ikkje ukjende med tanken om «what's in it for me?» Me vil gjerne oppnå noko sjølv, koma ut i pluss, om du vil, òg når vi skal vera gode med andre.

Jesus er vårt forbilde med heile livet sitt. Kan me greia å leggja bort stoltheita vår, den som gjer det så vondt for oss å bøya oss ned? Kan me vaska føtene til nokon? Kan me bøya oss djupt for å hjelpa nokon som treng ei hand? Kven sine føter skal me bøya oss ned for å vaska?

Jesus vaskar våre føter utan å krevja noko av oss, utan at han ventar å få noko igjen. Men han kallar oss til å følgja han. Han set eit føredøme for oss.

Og så er det faktisk noko i dette for oss. Jesus inviterer oss inn i eit nært fellesskap, ein relasjon som ikkje er ovanfrå og ned. «Eg kallar dykk vener» seier Jesus. Og så deler han vin og brød med oss. Og gir seg sjølv. Til oss.



TEKST: LARS SIGURD
FJELDE TJELLE

Framsidedeilete. Påske i Bryne kyrkje. Foto: Reidun Jane Heskestad.

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 4. mai.

Påskemorgen slukker sorgen

T Nikolai Frederik Grundtvig 1843.

M Ludvig Mathias Lindeman 1864

1. Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og
livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

2. Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med
lovsang ny.
Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

3. Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

4. Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens
sold!
Nå ligger graven
midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens
sold.

5. Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet
smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket græder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.

6. Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer, fra grav i sky.
Tungene gløder,
Herren vi møter,
Herren vi møter med
lovsang ny.
Se i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Songen har fulgt Olena Grødem heile livet. Ho syng overalt, i stova, i bilen og i lag med andre.

Som barn gjekk ho på Eikeland skule der elevane fekk god songopplæring av lærar Atrammadal. Då var det pugging av salmar, også påskesalmar.

Påske er ei tid med forventning. Me ventar på våren. Olena vaks opp på gard, og påsketida var tid for sauene å få lam.

Seinare i livet har ho og familien gjerne feira påske på hytta.

Påskebodskapen var med. Dei hørde på radiogudstenesta 1. påskedag og song med på «Påskemorgen slukker sorgen». Andre gonger var dei i kyrkja. Denne salmen gav kjensle av påkehøgtid med lys og siger.

I samtalen om salmen fann me ut at «Påskemorgen» har vore ein nærmast fast salme i norske kyrkjer første påskedag, heilt sidan den kom inn i salmebøker i perioden 1859-1873. I Danmark har han aldri oppnådd den same populariteten.

Noko av grunnen til dette skuldast truleg den festlege melodien av Ludvig Mathias Lindeman frå 1864.

Opprinneleg har salmen ni vers. I seinare salmebøker er antal vers redusert, og i *Norsk salmebok 2013* har han seks vers.



Olena
Grødem.



Kvardagsmøte med Ruth Stabel Berg

Helgedagen får møta den aktive dama på arbeidsplassen hennar, med blide småborn rundt dørene utanfor.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Ruth har vore med på oppstarten av denne barnehagen, og har hatt mange arbeidsdagar her. I tillegg har ho drive med mykje på fritida, for ho likar å vera til nytte. Det er viktig for henne! Ho har vore leiar i soknerådet i Bryne i 6 år, og ho var i si tid med og tilsette Stein Ødegård - som nå nyleg har blitt pensjonist! Nå er Ruth med i soknerådet på nytt - som nestleiar.

Ho ønskjer å vera i teneste. Det er viktig for henne å ha oppgåver i kyrkja. Det gjev eigarforhold. Gudstenestegruppene har vore gjevande å vera med i, og ho opplevde Stein Ødegård som inspirerende der.

Søndagsskulen var ho òg med på i mange år, men ser at det er nyttig at nye krefter slepp til.

Ruth er dåpsvert og kyrkjevert, og ho ser stort på oppgåva med å få vera med på å dela ut nattverden. Det er høgtidsstunder! Me minnest i lag "gamleklokkaren" på Bryne, Leif Andenes. Han snakka om Jesusblikket, å bli sett med det i nattverden. Då er det viktig at den som deler ut brød og vin, ser deg slik - og tek akkurat den tida det treng. Det tenkjer Ruth på!

Ho meiner det er viktig at me kan seia "mi kyrkje", at folk ser kva som trengs der i "mi kyrkje", og er med og gjer jobben. - Då blir kyrkja viktigare for deg òg.

- Diakoniutvalet er kjekt å vera



Ruth Stabel Berg.

- fødd, oppvaksen - og bur på Bryne
- 4 born og 6 barneborn
- førskulelærer
- dagleg leiar i Jærbarnehagen FUS på Bryne
- frivillig medarbeidar i Brynekyrkja

med i. Heimebesøk blir sett pris på, likeeins festar for dei eldre.

Det er ikkje berre Brynekyrkja som får nytta godt av Ruth si fritid, også Lions Club Jæren gjer det. Der samlar dei inn pengar til nærmiljøet, til viktige ting som kan bety noko for andre. "Se min kjole" (på hjul mot mobbing) sel brukte kjolar - der pengane mellom anna går til bilturar i kule bilar for born som blir mobba.

For å samla energi, er Ruth med i Jæren Gospelkor, som har øvingane sine i Nærbø kyrkje. Sjølv om ho kan vera sliten etter ein lang arbeidsdag, får ho nye krefter av å syngja saman med - og bli kjend med - folk frå andre stader. Det fyller batteria.

Me lurar på kva som er drivkrafta til å halda ut så mange år i frivillig teneste? - Responsen! At folk blir glade for det eg gjer! At det eg gjer betyr noko for dei!



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske
Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Kva påske betyr for meg

Eg tenkjer ofte på tredje verset i julesalma “En krybbe var vuggen”.
Der heiter det:

*“Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!”*

Eller som mitt barnebarn (då 3,5 år) song av full hals
etter gudsteneste før påske for to år sidan : “Jesus
ville ikke gå ned fra korset!”

Så få ord (det vil seia, det er desse orda som sit att),
så utruleg god oppsummering av nådebodskapen!
Jesus gjekk til korset, sjølv om han var redd og bad
om å få sleppa om det var råd.

“Far, om ikkje dette begeret kan gå forbi meg, og eg
må tømme det, så lat viljen din råda” . Matt 26:42.

Nåde over nåde, god påske!



Solveig Hodne
Hetland.
Foto: Oddny
Underhaug



Hjelp oss å ta vare på alt som veks på jorda, og

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Takk Gud for at du har skapt jorda og alt det grønne som fyller jorda.

Takk for at du har skapt hundar, kattar, pandaar, sjiraffar, delfinar og snøtigrar.

Hjelp oss å ta vare på alle dyra du har skapt, og hjelp oss å ta vare på jorda, slik at ho blir god å bu på for både dyr og menneske.

*

Takk for alt som veks frå jorda som me kan eta og leva av. Takk for gulrøter, avokado, brokkoli, kål, tomatar og vannmelon. Hjelp oss å ta vare på alt som veks, og til å dela slik at alle får nok mat.

*

Takk for alle dei fine blomane som du har skapt, blåklokker, forglemmegei, liljer, roser og tulipanar.

Hjelp oss å ta vare på alle dei fine blomane og plantane på jorda.

*

Takk for bringebær og blåbær, for jordbær, eple, rips, kirsebær, og alle slags bær og frukter som veks på jorda. Hjelp oss å passa på naturen slik at me tek vare på alt det fine som finst der.

*

Jenter frå tredje og fjerde klasse står framme i kyrkja og les dagens kyrkjebøn med stort alvor. -Bønene har me laga på «Etter skuletid» tidlegare i veka».

Me er samla til Familiefokus ein sundag i februar for å feira sámannssundagen. Denne gongen har utval for grøn kyrkje fått vera med på planlegging og gjennomføring.

Ein sámann gjekk ut for å så... På «Etter skuletid» har me gjort meir enn å skriva bøner, barna har fått laga sin eigen film, etter historien



Grønnsakkutting - "Grøn kyrkjekaffi" vert førebudd. Foto: Oddny Underhaug

i bibelen om at det som vart sådd fall på ulik grunn og gav ulik vekst. Skodespelarane er både sámann, fuglar og tornekraut. Mykje av frøa går tapt, men av dei som fall i god jord vart det i vårt tilfelle gode jærsker gulrøter i oransje ballettskjørt. Filmen blir vist på storskjerm, før Jon Torger tek oss med lenger inn i forteljinga.

Så kjem kyrkjeløva på besøk med trillebår og jord, og vil gjerne vera med ut for å så. Løva må få ei lita opplæring både i såteknikkar og årstider for såing, men heldigvis har me funne ut at det er noko som me kan så i februar og ha inne i varmen før me kan setja det ut til våren. Me kan mellom anna så chili, noko som appellerte til Løva som liker sterk mat.

til å dela slik at alle får nok mat



Mange såmenn i sving. Foto: Rolf Heskestad



Foto: Heidi Strand Harboe

Bønevandringa i dag er annleis enn vanleg. På den eine posten får alle så frø av reddik, salat og chili til å ha med seg heim til vidare dyrking. På ein annan post får dei prøva klede og hattar frå Madagaskar etter at Helga har fortalt oss om korleis dei sår og dyrkar jorda i ein heilt annan verdsdel enn vår. På ein tredje stasjon lagar me plakater om slikt som veks i jorda og minner oss

sjølve om å ta godt vare på både jorda og det som skal veksa av henne.

Den fjerde stasjonen er av det praktiske slaget. Barn og vaksne får vera med og skjera lokale rotgrønsaker og selleri i passe store stavar til ein litt alternativ kyrkjekaffi. Det blir òg blanda god dipp til å dyppa godsakene i.



Før avslutning og kyrkjekaffi får alle synga saman med forsongarane frå «Etter skuletid»:

*Alt det minste som Gud skapte,
små, små frø du knapt kan se,
Er det viktigste i verden,
bare se hva som kan skje.*

ref:

*Når et bitte, bitte, bitte lite frø,
når et bitte, bitte, bittelite frø,
når et bitte, bitte, bittelite frø blir
lagt i jorden.*

*Alt blir til av veldig lite,
i små frø som ingen ser,
finst det merkelige krefter,
ingen skjønner hva som skjer.*

ref

*Alt det store her I verden
har engang vært veldig smått.
Ved Guds hemmelige under,
blir det til no stort og flott.*

Denne fine teksten av Tore Thomassen oppsummerer fint det me hadde lyst til å minna oss sjølve om denne dagen.

Faste og påske

Me er inne i fastetida, og påska står for døra. For mange av oss er dette synonymt med ferie, fridagar, turar og ekstra samvær i familien. For oss i kyrkja er det òg synonymt med påskebesøk i barnehagane, påskesamlingar for barn, mange gode og varierte gudstenester – og mange arbeidstimar for prestar og organistar.

Slutt

Februar dette året har vore ganske spesiell. Fellesrådet vedtok på møtet sitt i slutten av januar å avvikla barnehagen i Brynekyrkja. Etter kontinuerleg drift sidan 1981 er dette ei stor avgjerd å ta. Ho rører ved mange – både tilsette og dei barna som brukar barnehagen.

Den økonomiske situasjonen har vore krevjande dei siste åra, og rammevilkåra så vanskelege, at me ikkje lenger kunne forsvara vidare drift. Barnehagen vil vera i drift ut barnehageåret og har sin siste dag 14. august.

Takk!

Me er òg inne i ei tid der Brynepresten gjennom 18 år, **Stein Ødegård**, skal takkast av. Dette blei markert med ein skikkeleg takkefest søndag 15. februar. Stein hadde si siste gudsteneste i Bryne denne dagen.

Det blei ei flott gudsteneste på formiddagen og ein innhaldsrik takkefest på kvelden, med mange gode ord til Stein frå ulike aktørar.

I perioden 1. mars til 30. april fungerer **Arne Berge** som sokneprest. **Trond Inge Tappel** er på plass frå 1. juni og flyttar då inn i prestebustaden i Time med heile familien.

Byggekomité

Bryne sokneråd har fått på

plass ei komité som skal arbeida med planane for utbygging av inngangspartiet i Brynekyrkja. Tanken er å få på plass eit større vrimleareal som vil vera til god hjelp både i samband med kyrkjekaffi og under store arrangement som konsertar.

Det er òg planlagt heis ned til underetasjen for endeleg å imøtekomma krava om tilgjengelegheit og universell utforming. Dette er sårt etterlengta.

Ein spennande vår

Me har ei spennande vår framfor oss, med både utfordringar, avskjed, nye ansikt og viktige og spennande arbeid i kyrkjelyden.



Kyrkjeverje Jostein Tollaksen.



Ordfører Andreas Vollsund og sokneprest Stein Ødegård. Ordføraren blei sitjande fast på Gardermoen og nådde ikkje fram til festen, men kom innom kontoret i ettertid med blomar og takka Stein for innsatsen. Foto: Jon Torger H. Salte.

«Kjenne sin besøkelsestid»

TEKST IVAR JOHANNESSEN

Dette uttrykket vert mest nytta på bokmål. Det tyder at ein må forstå når det rette høvet er der, og nytta det. Om ein til dømes vil kjøpa seg hus, og ser eit fint hus lagd ut til ein uvanleg god pris, så må ein «kjenne sin besøkelsestid» og slå til. Dersom ein alltid har drøymt om å reisa til eit eksotisk reisemål og ser annonse for ein tur på ei tid som passar, då gjeld det å hiva seg rundt og melda seg på, «kjenne sin besøkelsestid»

Uttrykket kjem frå Lukas, kapittel 19, vers 44. Jesus er på veg til Jerusalem til påskehøgtida. Læreseveinane har funne fram til esel-

folen som Jesus reid på, og Jesus har blitt hylla av folket. Då han så kom nærare Jerusalem, såg han utover byen og byrja å gråte over han.

Dernest kom Jesus med ein profeti, og me skjønar kvifor han gret. Fiendar skal kringsetja byen, hæarta han og riva han ned. Grunnen var at folket ikkje tok imot, då Herren vitja byen.

I nynorsk omsetjing frå 2024 står det slik: «... det skal ikkje ligga att stein på stein i deg, fordi du ikkje skjøna at tida var komen då Herren gjesta deg.»

På bokmål (2024) står det: «... det skal ikke bli stein tilbake på stein i deg, fordi du ikke forsto at tiden var kommet da Herren gjestet deg.»

Som så mange gonger tidlegare, kjem uttrykket frå ei gamal omsetjing av Bibelen. Uttrykket vårt denne dagen kjem frå bokmålsomsetjinga frå 1930: «... og ikke levne sten på sten i dig, fordi du ikke kjente din besøkelses tid.» Så har dei to orda «besøkelses» og «tid» blitt til «besøkelsestid».



Felles bønne møte hver lørdag fra kl. 10.00 til 11.00 i Misjonskirken Bryne.

Felles bønne møte for menighetene på Bryne. I sammen ber vi for byen og menighetene. Møtes i kjelleren i Misjonskirken.



MAKSKLUBBEN

– møteplassen der kreativitet og skaparglede har fritt spillerom

TEKST OG FOTO : REIDUN JANE HESKESTAD

Maksklubben er ein barneklubb som nærmar seg 90 år.

Alvin Aarbakke var med å starta klubben. I løpet av alle desse åra har mange trufaste leiarar vore med. Maksklubben var i tidlegare tider delt i gute - og jentelag. No møter det opp mellom 15 og 20 barn kvar gong og alle er i same gruppe.

Dei noverande leiarane: Espen Byberg, Kurt Nielsen, Einar Byberg og Henrik Haaverstad tok over i 2024. Ingebjørg Serigstad hjelper til med administrativt arbeid.

Møter du opp på klubben, er det dette som møter deg: Det summer, durar, du høyrer latter, gledesrop og banking, kjenner svilukt, ser hovud som er bøygde i ivrig arbeid.

Det sit vaksne - leiarar og fedre - spreidd rundt på dei aller fleste bord. Dei hjelper og gir råd.



Silje har laga eit flott pizzabrett og heilt klart ein kreativ pizza!

Maksklubben

- Stad: Saron
- Når: annankvar tysdag 17.30 - 19.00 (partalsveker)
- Alder: gutar og jenter frå 1. - 7. klasse
- Ønskeleg at første - og andreklassingar har med foreldre eller eldre søsken.

Meir info på Spond:YZSVJ.

Innerst i rommet er jentene i fleirtal. Eit bord som flyt over av spanande materiale er midtpunktet. Klipping, liming, måling - og dei tryllar fram dei finaste kunstverk. Ja, til og med ein rosa jojo! Her er det kreativitet på høgt plan.

– Er så kjekt her. Me får laga forskjellige ting, får vera meir kreative her enn på skulen, og så kostar det ikkje så mykje, seier ei av jentene.



Amalie har funne seg eit nytt prosjekt - ein båt.



Dei andre nikkar og er einige. Ei jente lagar gåve til storebror. Ho legg stor omtanke i bilete ho lagar. Ei tenkjer på mor med morsdagsgåve.

Ved andre bord er det tresløyd som gjeld. Oddbjørn pussar krakken



Ada i djup konsentrasjon - siste strøk på ein raudstrupe



Arbeidsfellesskap ein tysdag ettermiddag.

så han skal bli glatt og fin for lillesøstera.

– Eg har to lillesøstre, altså, sier han. Borti hylla viser han stolt fram ein

liten rosa skammel. For ei glede!
– Tresløyd er det kjekkaste! meiner han.

Barna bestemmer sjølve kva dei

vil laga. Høyrer omtrent ingen vaksne som snakkar utanom roleg prat med ungane rundt borda. Barna har regi på eige arbeid. Berre fantasien set grenser.



Oddbjørn slurvar ikkje med pussing.



Hedda og Mena slepp kreativiteten laus.

-Kva er det beste med å vera på Maksklubben?

Me kan laga gåver og mykje rart. Får bruka gamle ting, kan klippa i dei og laga det me vil, så hender det me slår fingeren, mekka på gamle ting, høyra om Jesus.

Etter rask rydding samlast gjengen i "Speilsalen" til andakt. Etter ei kort bøn, er det klart for

film med Viggo Klausen (red. merknad: kjend barneforkynnar). Han fortel om stormen på Genesaretsjøen og om den "stormen" som kan vera i hjarta vårt. Jesus vil tilgi oss det vonde me har i hjarta når me ber han om det.

Felles bøn: Vår Far i himmelen. Eit møte i Maks-klubben er over.

Heldige barn! Heldige vaksne! Lukke til vidare!

Kjenner du nokon i aktuell alder, kan du fortelja om Maksklubben. Nye medlemmer er velkomne!



Lagerhyller med mange skattar.



Emil, Filip, Lukas og Hannes brukar krefter på demontering.

SKAPARVERKET

KRYPVIER

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Det er vår og alt vaknar til liv etter ein særskild kald vinter. Vårteikna kjem på rad og rekkje. Treslag som selje og krypvier utviklar mjuke gåsungar - til glede for både vaksne, barn, bier og humler. Biene og humlene finn både pollen og nektar i disse hannblomane. Pollen er ei viktig proteinkjelde for larvene, og nektaren gjev energi. Sidan gåsungane kjem tidleg på våren, er desse særskild viktige for at bifolk skal få byggja seg opp etter vinteren.

Biletet syner utsprungne gåsungar fra krypvier. Selje og krypvier høyrer begge til vierfamilien. Krypvier er eit spinkelt lite tre som du kan finna krypande på mange ulike veksestader. Han toler mykje vind og er vanleg å finna langs Jærkysten. Hadde det ikkje



vore for dei flotte gåsungane, ville folk flest ikkje lagt merke til krypvieren i det heile.



KORS OG PÅSKE

TEKST: HANS AUSTNABERG

Det blir fortalt at då keisar Konstantin kjempa om makta over Romerriket i det avgjerande slaget ved Milvius-brua utanfor Roma i år 312, hadde han eit syn eller ein draum før slaget. Han såg eit lysande kors på himmelen, saman med orda «ved dette teiknet skal du sigra». Konstantin sigra og blei eineherskar i vest-Romarriket. Han tolka sigeren som ei stadfesting av synet og gav kristne religionsfridom, dei som fram til då hadde vore ein forfølgd minoritet.

Kanskje går du med eit kors i eit smykke rundt halsen. Kvifor gjer du det? Nokre tenkjer på det berre som eit fint smykke, medan andre ser det som eit symbol på si kristne tru. Når du har vore med på dåp i kyrkja, har du sikkert lagt merke til at presten teiknar eit kors over barnet og seier: «Eg teiknar deg med det heilage korsmerket til vitnemål om at du skal høyra den korsfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.» Korset er eit sterkt og viktig symbol i kristendommen. Det går tilbake til påsken i Jerusalem rundt år 30, då Jesus blei teken til fange, torturert og hengt på korset Langfredag. Korsfesting var ein brutal avrettingsmetode, som romarane brukte på slavar, røvarar og opprørarar, i tillegg til at det var ein

skamfull måte å døy på. Livet ebba sakte ut gjennom blodtap, utmatting og svolt.

Korset viser kor alvorleg synda vår er, alt det som øydelegg relasjonen til Gud og andre menneske. Jesus, som var utan synd, døydde på korset for å setja oss menneske fri, me som ikkje klarer å leva utan å synda. Framfor alt viser korset Guds kjærleik til oss, slik apostelen Paulus skriv i brevet til romarane i Bibelen: «Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar.» (kapittel 5, vers 8). Frå å vera eit grufullt torturinstrument har korset blitt eit sigersteikn: Jesus døydde i staden for meg. I trua på Jesus kan eg leva med Guds kjærleik over livet.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSEN OG SILJE MYKLEBUST

Gruppene våre er melde inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentlig støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskolen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskolen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



BABYSONG 0-1 ÅR

Denne våren har me babysong annankvar onsdag på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørslle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i lag.

Påmelding via QR-kode:



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikk- tilbud for barn frå 1 år og oppover. Då møtest me store og små i Time kyrkje, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa litt større born. Det blir song, leik og moro. Småbarnstrall er felles for alle sokn.

Etter songsamlinga et me kveldsmat i lag.

Datoar våren
2026: 9. april og
5. mai

Påmelding via
QR-kode:



SUPERHELTSAMLING

I april vil me invitera 2. klassingane til å vera med på «Superheltsamling». Me skal bli kjende med fleire superheltar frå Bibelen. Velkommen til ei spennande samling med bibelforteljing, leik og aktivitetar.

Datoar for Superheltsamling:

(Meld på der det passar best for dykk)
Undheim kyrkje: torsdag 23. april kl.
17.00-18.30

Bryne kyrkje: onsdag 29. april
kl. 17.00-18.30

Invitasjonar vert sende ut.



Påmelding via QR-kode:



Hovudmål for kyrkjeleg undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus - frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



10-ÅRSFEST

Me vil invitere alle 10-åringar på Bryne, Time og Undheim til felles fest og feiring på Lye forsamlingshus 3. juni. For mange er det også omtrent 10 år sidan dåpen. Me vil ha ein «bursdagsfest» med leik og moro, og me vil læra meir om dåpen og om å høyra til i Guds famn.

Invitasjonar vert sende ut i løpet av mai månad.



FÅR DU IKKJE INVITASJON I POSTEN? – BLI TRUSOPPLÆRINGS-ABONNENT

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no / minsida og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



LYS VAKEN

LYS VAKEN – 6. KLASSE

Me inviterer alle 6. klassingar frå Undheim, Time og Bryne til felles. Lys vaken i Bryne kyrkje 9. og 10. mai. Det blir pizzafest, leiker og moro, og så avsluttar me kvelden med nattkino med masse popkorn og snopeposar til alle. Me håper me blir ein stor gjeng som skal ha masse

kjekt saman til seine kvelden på laurdag, og så delta på gudstenesta på søndagen i Bryne kyrkja.. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga!



Invitasjonar vert sende ut i løpet av april månad.

Konfirmasjonar 2026

Bryne kyrkje laurdag 25. april kl 11.00

Alexander Irawan Mehus
Anton Friestad
Astrid Løge
Elias Lie Ellefsen
Hanna Øverland Pollestad
Henrik Rosland
Isabella Korhonen Hauge
Karoline Høgli Birkeland
Marcus Sørдал Oma
Oliver Ellingsen
Oliver Konchenko
Regina Berland
Solveig Høie Hetland
Tomine Bratland-Scheie
Tormod Vetrhus
Tuva Eskeland
Øydis Andrea Risa
Xandra Chatchalat Ree Vigre

Bryne kyrkje laurdag 25. april kl 13.00

Alvilde Vollsund
Birk Bransdal
Eik Riskedal
Herman Birkeland Friestad
Hogne Sikveland Norås
Jenny Ødegård
Kaspian Førland
Linea Rosland Jørgensen
Lotte Mellemstrand Bore
Matheo Busch Holen
Nora Særheim
Odd Filip Bjerkevoll
Oliver Horpestad
Scott Strengsdal Aavitsland
Tiril Stensland
Tiril Solhaug Moi
Tom-Sandr Vikanes Undheim
Tord Ree Runde
Torkel Ohma Wiig

Bryne kyrkje søndag 26. april kl 11.00

Amalie Vold
Aron Olsen
Emil Tjåland
Jon Stava Sveinsvoll
Lauritz Hustoft Flataukan
Liam Alexander Tremlett Hansen
Lille Kindervåg Langli
Linus Bjelland Haugland
Marcus André Nygård Haugstad
Marvin Hustoft Flataukan
Mille Wist

Oliver Refsnes
Per-Markus Osnes
Rikke Refsnes
Sebastian Sviland Monge
Simen Stangeland Horpestad
Trym Talgø
Vegard Laastad Garvik

Bryne kyrkje laurdag 9. mai kl 11.00

Anna Sandve
Arvid Dale Erga
Caspian Larssen Collins
Eisia Høines (Pynjapatt Bonnroddit)
Eivind Solbjørg-Torgersen
Elias Vinningland
Frøya Herigstad Aase
Hedda Finnbakk
Iben Herigstad Aase
June Erfjord Serigstad
Leo Andre Acevedo Ramussen
Lily Rose Dalgetty
Linnea Konstanse Vargas Olsen
Ludvig Liland-Vik
Marius Grum Hvidsten
Mathias Nordfjord Saurdal
Mia Mellgren Haugland
Miriam Erga Reiestad
Samantha Larssen Collins
Sine Torvund Tunheim
Theo Kvarme

Bryne kyrkje laurdag 9. mai kl 13.00

Aksel Tellenes Aavitsland
Andreas Ege
August Lokna Erland
Eric Nedrebø Tollefsen
Hedda Borgenvik Kristiansen
Ingrid Eikeland
Kaia Solvik-Olsen
Karete Veen
Lilly Tjelta
Maja Almås Gustafsson
Malin Håland Skjørestad
Malvin Vorre Bekkeheien
Nanna Fossmark Ditlefsen
Natalie Øie
Olaug Vorre Bekkeheien
Sindre Auestad Tjelta
Siri Frøyland
Sofia Bjaanes
Susanne Bransvik
Thomas Enge Erga
Tobias Rosseland

Time kyrkje søndag 14. mai kl 10.30

Adrian Høyland
Eivind Ree
Georg Time
Hannah Aase-Ueland
Hans-Elias Haugstad
Ingrid Finnbakk Susort
Kasper Danielsen
Lerke Helland
Liv Stueland Gallefoss
Mari Flattum
Sigurd Harbakk
Tobias Holen
Torjus Grødem
Vanessa Lura
William Taksdal Vernholz

Time kyrkje søndag 14. mai kl 12.30

Adrian Vassbø
Aksel Nesse
Alexander Neufend
Eirik Sveinsvoll
Hanna Halseth Salte
Ingrid-Bertine Tytingvåg Serigstad
Johan Egeland Mørk
Jonathan Sikveland Vigre
Lise Frøyland
Malin Østrem Murberg
Mathilde Sikveland Vigre
Nikolai Ueland
Preben Berge
Pål Anda Vigre
Sindre Østrem Murberg
Thomas Haaland
Thomas Cedervall Sikveland
Tobias Vigre Rugland
William Sylvester Arun Nilssen

Undheim kyrkje søndag 3. mai kl 10.30

Alfred Berge
Imre Tjelta Tunheim
Isak Bøe Reinertsen
Kristian Risa Vaka
Lillian Mossige
Live Årdal Helland
Marcus Undheim
Martin Sikveland Søyland
Matheus Leirvik
Mathias Hafver
Rudi Aardal
Sara Risa
Sarah Mæle-Kommedal
Sivert Tjåland Liverud
Sondre Skårland
Synne Haugen



Bryne kyrkje. Foto: Ove Kvam.

Torsdags- treff

Triveleg samvær i kyrkja for målgruppa +/- 60. Det blir kåseri, matserving, songstund og andakt kvar gong. I Bryne kyrkje kl: 1430-1630.

16. april Ingar Kvia fortel om arbeidet i Haydom.

21. mai Kari Nævra Ree blir med på song/musikk møte

Innvandrartreff

Kvar tysdag (unntatt tysdag 24. mars)
Kl. 19:30–21:00

Våren 2026

7., 14., 21., og 28. april

6., 12., 19. og 26. mai

(NB! Det blir grillfest den 26. mai)



Sentrerende bøn

Plass og tid til å vera stille...

I ei tid det mykje går på høg-gir har me nesten gløymt kor viktig det er å vera stille og lyttande.

Du er du velkommen til sentrerande bøn i Bryne kyrkje måndag 20. april, 18. mai og 15. juni kl 19-20.



Vil du ha Misjonstidende (MT)
gratis i postkassen?

Send SMS med **NMS MT** til 2490
eller ring oss på 51 51 61 00.

TT-koret

- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 19-20
i Bryne kyrkje



Velkommen til OPEN KYRKJE



Stad: Kyrkjesalen i Bryne
kyrkje. Kl. 18:00-20:00.
Felles kveldsbøn kl. 19:00

Datoar
13. april, 4. mai, 1. juni



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen

Velkommen til Open kyrkje-kafé.

Stad: Kyrkjestova i kjellaren
i Bryne kyrkje. Kl. 18:00-
20:00. Enkel bevertning,
programinnslag og god
drøs.

13. april: Program:

Silje Sandanger er gjest
denne kvelden under
temaet "Lengtepoesi og
jakten på ein biologisk
far». Silje spelar, syng, les
dikt og fortel.

**Vidare datoar våren
2026** er 4. mai og 1. juni.
Følg med på annonsering
av programinnslag.



Silje Sandanger



 **Bryne
Kyrkja**

Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i
partalsveker
Kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren



Sundagstreff

Sundag 12. april kl.18:00

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs
i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Torsdag 7. mai blir det grillfest! Eigen invitasjon
om tid og stad blir sendt ut til dei faste deltakarane.
Alle er velkomne.



Oppstandelsesbollar

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

Baka, smaka... og sjå at "grava er tom"
Lag ein vanleg bolledeig. Når deigen er
ferdig heva, tar du deig til ein bolle og
pakkar ein marshmallows inn i deigen.
Prøv å få marshmallowsen godt inn i
bollen. Steik som vanleg.

Gled andre med ein spesiell bolle!





Fredagskveld på kyrkjetorget

10.april kl. 19.30

Tema for kvelden:
Kyrkjetorget, kven,kva, korleis?

Vel møtt til samling med uformelt program,
med drøs, allsong og "kveldens gjest".

Ta gjerne med litt mat som me set på
kjøkkenbenken. Me koker kaffi/te

Fredagskveldkomitéen

KIRKENS
SOS



– Å gjøre en forskjell for
andre føles godt.

Frivillig i Kirkens SOS

Vi trenger flere frivillige.
Bli en av oss.

kirkens-sos.no/frivillig

MILJØ, MØTEPLASS OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.
Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.
Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

GRØN DAG

I KYRKJEPARKEN VED
UNDHEIM KYRKJE

LAURDAG 2. mai KL. 11-13.00



Dagane er blitt lengre, lysare og varmare. Frø som er lagde i jorda, spirer. Småplanter veks og utviklar seg, og etter kvart er mange klare til utplanting i bed, plantekassar, krukke og drivhus.

Mange planter som er til sals i Kyrkjeparken kan brukast i eige kosthald.

Andre til pynt i hagen eller i stova.

Det vert òg sal av bakverk og handarbeid, blomsterkassar, krukkebrett m.m.

I tillegg kan du nyta grønsakssupper, kaffi og kaker. Og sist men ikkje minst – møta folk og drøsa.

Song og musikk.

Loddsal med trekning kl 12.30.

Velkommen til NMS i Time sin grønne dag på Undheim.

Facebook: Grøn dag på Undheim

Sommeravslutning for søndagsskolen

2. pinsedag/mandag 25.mai kl. 10.30 skjer det noko spennande! Ikkje berre er det kyrkja sin bursdag, altså pinse, det blir også sommeravslutning for søndagsskolen!

Kva skjer tenker du kanskje?

Jo, for det fyrste blir det ute på plenen bak kyrkja (værforbehold). Det blir andakt av Nadine prest, det blir sang, det blir grilling, det blir leik og som du kan sjå på bilete blir det hoppeslott!

Det du trenger å gjera utanom å møta opp er å ta med deg stol og bord og det du har lyst å ha som grillmat! Grill er der!

Varmt velkommen til store og små!



**Hjelp barn
i hjem med rus**

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.

Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:
diakon i Bryne: mh336@kirken.no
diakon i Time og Undheim: ps453@kirken.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.




<p>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</p> <p>Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634</p>	 <p>Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com</p>	<p>REMA 1000</p> <p>Håland</p>
<p>EL-TEAM Elektroentreprenør</p> <p> elkonor annonsør støttet av</p> <p>Morenefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	<p>Din annonse her?</p>
<p> Rogalandshus</p>	<p> PRIVATMEGLEREN JÆREN</p> <p>Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	<p> Bogh Lafoø BILSALEG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT</p>
<p> for syns skyld</p> <p>OPTIKK & SYN Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04</p>	<p> Renovasjonsservice as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p> <p> DEN NORSKE KYRKJA</p>	<p>haver —</p> <p>Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
<p> Bonde Kompaniet</p> <p>Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878</p>	<p>BRYNE BIL & MC SKOLE</p>	<p>Byggelaget</p>
<p> jæren sparebank</p>	<p>SpareBank 1 SR-BANK</p>	<p>WACO Forsikringsmegling as</p>
<p> DEN NORSKE KYRKJA</p>	<p> TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>	<p>Din annonse her?</p>

HelgeKryssord 2/26

LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Hjernetrim



Vassrett

1. Jesu siste ord (Matteus 28)

13. Likt begge vegane

14. Australsk pungdyr

16. Slaktoffer

19. Identifikasjon

20. Berebjelke

21. Abrahams fødeby

22. For

24. Åleglatte

25. Domstol

26. Skala

27. Edelgass

28. Reknar

29. Dameblad

30. Radon

31. Slektningar

33. Kunstløp

34. Emne

35. Glodde

37. Snakka

38. Vera sorgsam

42. Aksjeselskap.

40. Usikkert svar

43. Grei

45. Fruktene

46. Selen

47. Hylle

48. Departem. (omv.)

49. Forstanden

51. Verdsorganisasjon (omv.)

53. Kristi kome

57. Far til Kam (GT)

59. Roleg gåing

62. Slektning

63. Kadaver

66. Flamme

67. Såre

69. Nøyaktig

71. Godprat

73. Riksdekkande dagsavis (fork.)

74. Lemmane

75. Ønskte til lykke

Loddrett

1. Omtenksame

2. 17. mai

3. Røyst i høgt leie

4. Kanten

5. Fisk

6. Potet (Timedialekt)

7. Svært sliten

8. Andre Mosebok

9. Telja

10. Tittel for fyrstar

	F	R	Y	K	T	→	I	K	K	J	E	→	F	O	R	→	E	G	→	
←	G	U	D	E	I	S	M	A	L	A	V	G	J	E	R	A	N	D	E	
	N	O	R	D	I	S	K	A	S	I	R	T	R	O	S	T	L	O	A	R
	I	D	A	A	V	P	A	S	S	A	L	Ø	E	R	T	U	B	R	N	↓
	D	Ø	L	A	H	E	S	T	A	R	B	Y	G	D	I	S	A	M	S	M
↑	R	O	P	E	L	I	A	M	A	L	E	O	I	M	S	T	A	K	E	
	R	B	S	O	N	G	S	V	A	N	A	U	R	N	E	R	R	U	N	D
	E	R	T	S	D	V	I	I	N	E	D	R	I	G	R	I	O	T	S	↓
↑	A	K	T	T	E	K	E	N	I	M	O	A	P	A	K	S	I	T	D	
	G	N	I	R	E	I	E	R	S	K	A	P	N	A	D	E	S	S	R	E
	E	N	N	O	K	V	I	L	E	A	G	A	S	R	E	T	A	M	E	G
↑	R	O	F	←	D	D	E	R	←	E	J	K	K	I	←	R	E	V	↓	

11. Blanding av to væsker

12. Opna lås

14. Øy i Middelhavet

15. Sjølvtukta

17. Pause

18. Klarnar opp

23. Gruppe på åtte

32. Gurp

33. Øystat

36. Smelta

39. Verkeleg

41. Kjerneved

44. Våg

50. Nytt

52. Gå til grunne

54. Danmark

55. Velferda

56. Sy saman

58. Ø

60. Vokalen

61. Nepe

64. Langsam

65. Stammor (i GT)

67. Rovfugl

68. Form

70. Morene

72. Likt begge vegane





































76. Nabokonsonantar

77. Oldtidsby i Mesopotamia




TURBOS TURBINGO



 RØD BLOMST	 MAUR	 FLASKEKORK	 BARNÅL	 SOPP	 KONGLE
 SKY (som ligner på noe)	 BÆR	 BENK	 BRUKT TYGGIS	 HUND	 STEIN
 FUGL	 GUL BLOMST	 FJÆR	 RØDT	 FJELLOPP	 TRE
 BRO	 PINNE (som ligger på bakken)	 VANN	 HVIT BLOMST	 BLÅ JAKKE	 MARIHØNE
 VEPS ELLER BIE	 MEITEMARK	 HYTTE	 KU	 HUNDEBÆSJ	 DNT-SKILT
 SØPPELASSE	 EDDERKOPP	 SJOKOLADE- PAPIR	 SYKKEL	 VARDE	 GRØNT BLAD

Takk til Stavanger turistforening som har gitt oss lov til å bruka deira bingo! Tips til bruk: Klipp den ut, ta med kulepenn og gå på leit! God tur!




GRAVLAGDE

Januar

Johannes Skjæveland
Ingebjørg Mjølhus Skretting
Berit Hjorth Seren
Leif Magne Fiskebekk

Februar


Kari Margrete Håland
Kåre Lende
Karen Salte Johnson
Trine Johansen
Jostein Soma
Ingebret Risa
Ella Synnøve Høyland



VIGDE

BRYNE KYRKJE

22.02.26 Veronica Hauge og
Åsmund Idland



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

18.01.26 Punyapat Boonroddit
Vegard Laastad Garvik
Isabella Korhonen Hauge
22.02.26 Athalie Øgreid Grønbekk
Enya Idland

TIME KYRKJE

25.01.26 Leah Gausland
Liv Time
Ella Kverneland
08.02.26 Johannes Bakke Sjølyst
Harald Thu Helland
21.02.26 Oliver Nesse Aune
Elena Strand Egeland
Magnus Jåtten Skogland
Noelia Alba Serigstad-Aase
Ingrid Aurmo Bjåstad
Ylva Othilie Skartveit Undheim
Elvira Skartveit Undheim
Anne Lise Gausland Fotland

UNDHEIM KYRKJE

01.02.26 Emrik Ree Hjeltholm
15.02.26 Per Nikolas Mikkelsen
Marius Husebø Jacobsen

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

08.02.26 Isak Horpestad Andersen
Varhaug kyrkje
22.02.26 Leander Sveinsvoll Teinaas
Julebygda kapell
Emilie Fundingsland
Klepp kyrkje



3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102
24 TIMERS VAKTTELEFON

NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no
Møyfrid
Hersdal og
Hanne Brit
Sandsmark



Dåpskjole til gratis utlån på kyrkje-kontoret

Berre å henta og levera
Ring 51 77 03 77 - kyrkjekontoret,
i Erlandsbakken 6
Kyrkjekontoret ordnar reingjering.




 Velkomen til
gudsteneste



Skysst til gudstenesta
 Bryne kyrkje:
 Jonas Frøyland
 mob.nr. 41300468
 Ring før kl 10.00

Søndag 29. mars		Palmesøndag	Joh 12,12-24
Undheim kyrkje	10:30	Lovsongsgudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Torsdag 2. april		Skjærtorsdag	Matt 26,17-30
Undheim kyrkje	19:00	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	19:00	Gudsteneste	Nattverd
Fredag 3. april		Langfredag	Joh 18,1-19,42
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste langfredag	Nattverd
Søndag 5. april		Påskedag	Luk 24,1-9
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Dåp, søndagsskule
Søndag 12. april		2. søndag i påsketida	Joh 21,1-14
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule, misjonsvindu
Laurdag 18. april		Laurdag etter 2. søndag i påsketida	Joh 21,1-14
Time kyrkje	14:00	Dåpsgudsteneste	Dåp
Søndag 19. april		3. søndag i påsketida	Joh 10,11-18
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd, Tema v/ Heidi Strand Harboe. Tru og håp i kvardagsliv.
Laurdag 25. april		Laurdag etter 3. søndag i påsketida	Joh 10,11-18
Bryne kyrkje	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	13:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Søndag 26. april		4. søndag i påsketida	Joh 16,16-22
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Søndag 3. mai		5. søndag i påsketida	Joh 15,1-8
Undheim kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Laurdag 9. mai		Laurdag etter 5. søndag i påsketida	Joh 15,1-8
Bryne kyrkje	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	13:00	Konfirmasjonsgudsteneste	
Søndag 10. mai		6. søndag i påsketida	Luk 18,1-8
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste for store og små	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste for store og små	Nattverd, Lys vaken

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



Velkommen til gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Torsdag 14. mai		Kristi Himmelfartsdag/ Helgetorsdag	Mark 16,19-20
Time kyrkje	10:30	Konfirmasjonsgudsteneste	
Time kyrkje	12:30	Konfirmasjonsgudsteneste	
Søndag 17. mai		Søndag før pinse	Luk 1,50-53
Bryne kyrkje	08:30	Morgonsong	Bøn for folk og land
Lye forsamlingshus	09:45	Gudsteneste	
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	
Søndag 24. mai		Pinsedag	Joh 20,19-23
Bryne kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Måndag 25. mai		2. pinsedag	Joh 16,5-11
Undheim kyrkje	10:30	Utegudsteneste	Dåp, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Friluftsgudsteneste på Krosshaug	
Søndag 31. mai		Treeiningssøndag	Matt 28,16-20
Bryne kyrkje	11:00	Fellesgudsteneste - Jærdagsscenen	
Søndag 7. juni		2. søndag i treeiningstida	Matt 3,11-12
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Innsetjing av ny sokneprest Trond Inge Tappel	Nattverd



**1.påskedag inviterer vi til
påskeeggjakt etter gudstenesten
i Undheim kyrkja.**